



Samnanger kommune

Vedtekter

for kommunalt kraft- og heimfallsfond

Vedteke i kommunestyret den 15.06.23 (KS-063/2023)

VEDTEKTER FOR SAMNANGER KOMMUNE SITT KRAFT- OG HEIMFALLSFOND

Et kraft- og heimfallsfond blir nytta for å tryggje at verdiar som tidlegare tilhøyrar samfunnet framleis blir teke vare på og brukt til å fremja samfunnsinteressa, og til å investere i lokale prosjekt og næringsutvikling. Målet er å sikra at verdien av kraftproduksjon framleis tilhøyrar lokalsamfunnet.

§ 1 Samnanger kommunes kraft- og heimfallsfond formål.

1.1 Fondet sitt føremål er å støtta og utvikla næringslivet i kommunen, bidra til auka sysselsetting og verdiskaping.

1.2 Fondet skal gje tilskot, lån og investeringar i næringslivsprosjekt i kommunen som bidreg til å nå fondet sitt føremål.

1.3 Fondet kan også nyttast til kommunale fellestiltak som kan ha ein auka næringseffekt i Samnanger kommune.

1.4 Fondet kan nyttast til å løne tilsette i arbeidet med å utøve kommunen sin næringspolitikk og å forvalte fondet.

1.5 Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til løpande drift av verksemder.

§ 2 Fondet sin kapital og finansiering.

2.1 Fondet har eigenkapital som består av innbetalte midlar frå Eviny Fornybar AS med ein årleg sum på kr. 1.107.123,- og blir indeksregulert kvart 5 år. Siste indeksjustering vart gjennomført i 2022. Oppretta ved Kg.res. av 26.06.1981.

2.2 Fondet kan ta opp lån for særskilte investeringsaktivitetar, men det skal ikkje ta opp lån som overstig fondet sin eigenkapital.

2.3 Fondet kan mota gåver og legat, føremonen at desse er i samsvar med fondet sitt føremål og ikkje medfører uheldige bindingar og forpliktingar.

§ 3 Styret si samansetting og oppgåver.

3.1 Formannskapet er fondsstyre.

3.2 Rådmannen har fullmakt til å fatta vedtak i sakar der det vert søka om tilskot på 200,000 eller mindre. Desse vedtaka skal fortløpande rapporterast til formannskapet.

3.3 Styret skal ha ansvar for fondet si daglege drift og vedta tildeling av midlar til næringslivsprosjekt.

3.4 Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret.

§ 4 Søknadsprosess og kriterium for tildeling av midlar.

4.1 Søkjar må være 18 år eller eldre.

4.2 Verksemda må vera registrert i og drivast frå kommunen.

4.3 Tiltaket som det søkjast til skal normalt ikkje vera sett i gang før løyving eventuelt blir gitt.

4.4 Søknadar må innehalda ein klar beskriving av føremålet til prosjektet og ein tydeleg beskriving av kva det ønskjer å oppnå.

Finansieringsplan: Ein realistisk budsjett- og finansieringsplan som viser korleis midlane vil bli brukt og korleis prosjektet vil bli finansiert på lang sikt.

Tidsrammer: Det må ligga ved ein milepælsplan eller anna form for beskriving av tidsrammene til prosjektet.

Varigheit: Generelt gjeld det at prosjektet skal vera avslutta innan 3 - tre - år frå dato på vedtaksbrevet om at tilskotet er vedteke.

4.5 Det vert lagt vekt på kriterium som innovasjon, berekraft, lønsamheit og sysselsetjingseffekt når søknadane blir vurderte.

4.6 Prosjektet det søkjast tilskot til skal vere økonomisk berekraftig, og det skal ha realistiske planar for korleis det kan oppretthalde ei sunn økonomi på lang sikt.

4.7 En kan søke om tilskot på inntil 50% av kostnadene ved prosjektet.

4.8 Til prosjekt som vil særleg stor påverking på næringslivet i kommunen kan innrømmast inntil 75% av kostnadene ved prosjektet.

4.9 En kan søke to gangar i året, søknadsfristar 01.02 og 01.08, kvar søknadsperiode innehald like mykje midlar.

§ 5 Rapportering og oppfølging.

5.1 Mottakarar av midlar skal rapportera om framdrift og resultat av prosjekta som har fått midlar frå fondet, èit år etter motteke stønad.

5.2 Rådmannen skal følgja opp støtta prosjekt og vurdera korleis vilkåra for tildelte midlar blir oppfylt.

5.3 Formannskapet har moglegheit til å avslutta prosjekt som ikkje lenger oppfyller vilkår for tildelte midlar.

§ 6 Årsmelding

Det skal leggjast frem ei melding om fondet si verksemd for kommunestyret kvart år.

Gjenpart av denne meldinga skal sendast statsforvalter.

Merknader til standardvedtektene

Støtta må vera i samsvar med EØS avtalens regelverk for offentleg støtte, Lov om offentleg støtte LOV-1992-11-27-117 og Forskrift om unntak frå notifikasjonsplikt for offentleg støtte FOR-2008-11-14-1213.

Maksimal bagatellmessig støtte må liggja innanfor ei samla grense på 200 000 EUR (omregnet i forhold til referansekurs fastsett av ESA (EFTA Surveillance Authority) - EFTAs overvåkingsorgan - kvart år) til ein og same bedrift i ein tre-års periode.

Bedrifta som motteke støtte pliktar å opplysa om bagatellmessig støtte bedrifta har motteke i dei siste tre åra.

- Bagatellmessig støtte kan gjes til alle bedrifta uavhengig av storleiken.
- Det kan gjes bagatellmessig støtte til alle typar næringar, unnateken støtte til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport. Etter EU's nye forordning om skipsbyggingsstøtte, vedtatt 29. juni 1998, er det opna for bagatellmessig støtte utan meldeplikt til skipsverft. Søkjar må sjølv skaffa seg opplysningar om når desse reglane blir vedtekne av EØS-komiteen.
- Aktuelle unntaksmoglegheiter for støtte over 200 000 EUR:
 - Alminneleg gruppeunntak – GBER(*)
- (* **General Block Exemption Regulation**)

Klageadgang

Etter forvaltningslovas § 28, 2. ledd kan enkeltvedtak treft av forvaltningsorgan oppretta i samsvar med kommunelova, påklaga til kommunestyret. Når det påklaga vedtak er treft av kommunestyret, er statsforvalter klageinstans. Klageberettiget er den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse. Reglane i forvaltningslova blir gjorde gjeldande for innhaldet i klaga og freistar.

Etter kommunelovas § 59 kan tre eller fleire medlemmar av kommunestyret saman bringe avgjerd treft av folkevalt organ eller den kommunale administrasjon inn for statsforvaltar til kontroll av lovlegheita til avgjerda. Frista for å krevja lovlegheitskontroll er ved forskrift av 13. januar 1993, jf. rundskriv H-4/93, sett til tre veker frå det tidspunktet avgjerda vart treft. Partar eller annan med rettsleg klageinteresse har klagegang, jf. forvaltningslova av 10.

februar 1967 § 28, jf. § 2, på avslag om støtte eller i saker der støtte er tildelt, men kor tildelt støtte er lågere enn omsøkt.